













# HELSING FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 77

NR. **01** APRIL 2024



## Vårens vakraste eventyr



Mai er synonymt med konfirmasjonar i våre kyrkjer, òg i 2024.

29 ungdommar skal i løpet av mai samla sine til fest og feiring. Vi som kyrkjelydar skal få ta dei imot, syne dei fellesskapet dei høyrar til i og be for dei på vegen vidare. Gjennom eit konfirmant-år er vi innom mange forskjellige tema. I år har vi brukt Kristuskransen til å hjelpe oss med det.

Kristuskransen er ein bønnekrans, eit armband med 18 perler. Dei har ulik form og ulike fargar. Her kjem dei sentrale delane ved den kristne trua som perler på ei snor. Vi har i haust og vinter bevega oss rundt heile kransen og vi har stoppa opp ved nokre perler når dei har høyrte saman med det vi har hatt undervisning om.

Kristuskransen kan vere ei hjelp til å finna

si eiga gudstru. No skal konfirmantane få dei med seg heim. Kanskje vil nokon bera det rundt handleddet, kanskje vil det berre hamna i ei skuffe...

Kristuskransen gjev oss perlar for livet. Det livet som er både godt og vanskeleg – ofte samstundes. Den gjev oss hjelp til å finne det gode i det vanskelege og ein stad å leggja det som er krevjande.

No etter påske held eg fast i den kvite oppstode-perla. Jesus overvann døden for oss. Det gjorde han for meg. Difor held eg òg fast i dei to kvite perlene i byrjinga av ringen - eg-perla og dåpsperla.

Eg har verdi fordi eg er elska av Gud. Dåpen gjev meg del i oppstoda.

Mellom disse kvite perlene er det perler for heile livet, som syner

oss kva livet er. Det er krevjande som å vandra i ein ørken, det er glede, det er kjærleik og offer. Det er rom for våre løyndomar, det vi ikkje vil dela med andre enn Gud. Det er ei perle for natta, for sorga og mørket.

Og alt samlast i Guds-perla, perla i gull. Her byrjar alt og her kjem alt tilbake til.

Kristuskransen. Ei gåve til dei som no er ein del av vårens vakraste eventyr og skal læra livet å kjenne. Ein gåve for oss som oppdagar fylde i livet og trua i møte med Kristuskransen, den som kan bes rundt og rundt i det uendelege og stadig bringa noko nytt til oss.

**Karen Melhus,**  
sokneprest

# Kyrjeklokkene i Vik Prestegjeld, del II

## Feios

Feios kyrkje har som Fresvik så å seie heilt nye klokker. Den 1. desember i år er det 40 år sidan dei vart tekne i bruk. Ei stor og ei noko mindre, nye og fine, stemde i dreiebenk til samklang.

Då noverande kyrkje stod ferdig i 1866 vart truleg klokka frå gamlekyrkja brukt vidare. Denne skal så ha sprukke i 1900 og vart støypt på nytt og teken i bruk neste vår. I 1983 fekk kyrkja to nye klokker, der den eine er gitt av Valborg og Harald Tjønn. Denne har inskripsjonen «GJEVE AV HARALD OG VALBORG TJØNN 1983» på ei side og teksten «JESUS SEIER: EG ER VEGEN, SANNINGA OG LIVET» på andre sida. Her er også ein kross.

Den største klokka har teksten «LAND, LAND, LAND, HØYR HERRENS ORD!» saman med ævelengdsymbolet alfa omega (dette kjem vi nærare inn på seinare). Kven som kosta denne klokka er noko usikkert.

Desse klokkene vart, som også i Fresvik, montert med elektriske motorar og fjernstyring frå sakristiet. Systemet fungerer framleis fint. Motorane set klokkene i pendling for vanleg ringing, og ein elektromagnetisk hammar slår på utsida av storeklokka for enkeltslag.

Klokka som over lang tid slo i gamlekyrkja og seinare i noverande kyrkje, og vart støypt på ny i 1901, heng no i klokkestopulen



*Her ser vi korleis klokkene er plassert i tårnet, med dei elektriske motorane på golvet og ei overføring derifrå til store hjul som svingar klokkene.*

på inste gravplassen og blir nytta ved gravferd. Den har i fylgje kyrkja sitt festskrift i 1966 tonen B.

Alle klokkene er støypt og levert av Olsen Nauen klokkestøperi i Tønsberg.



*Den største klokka med ævelengdsymbolet Alfa Omega. Til venstre hammaren som gir enkeltslag.*



*Den minste klokka har teksten «Eg er vegen, sanninga og livet» under krossen vi ser. På andre sida: «Gjeve av Harald og Valborg Tjønn 1983».*



**Klokkestopulen i Feios**, på inste gravplassen. Klokka kan ha vore med frå den gamle stavkyrkja over til den nye i 1866. I 1901 vart klokka støypt på nytt etter ein skade, og var i bruk i tårnet til nye klokker var på plass i 1984.

### Arnafjord

Noverande kyrkje er den tredje kyrkja i Arnafjord. Stavkyrkja på Flæte var frå 1100-talet, og vart erstatta med ny tømra kyrkje på Nese i 1645. Midt på 1800-talet var denne for liten i høve folketalet og ny kyrkje stod ferdig i 1880 på same tomte og med mykje gjennbruk av tømmer og plank.

I fylgje inventarlista frå 1678 var det to klokker i

tårnet, samt ei handklokke ved skriftekammeret. Kvar desse vart av veit vi ikkje, for til den nye kyrkja i 1880 vart det mest truleg tinga to nye klokker av støypejern, i motsetnad til alle dei andre klokkene i kommunen som er støypt i ulike bronselegeringar.

Jarnklokkene er støypt på det tyske stålverket Bochumer Verein für Bergbau und Gußstahlfabrikation

(BVG). Eit av dei store jernverka på den tida med klokkestøypereri for heile Europa og 20.000 tilsette! Det er grunn for å tru at Arnafjord kyrkje med det fekk «siste nytt» i klokker, i 1880.

På den største klokka står det ARNEFJORDS KIRKE. 1880. BOCHUMER VER-EIN GUSSSTAHLFABRIK. Legg merke til tre s-ar på rad, som ikkje er tysk rettskriving. Den andre og noko mindre klokka har teksten ARNEFJORDS KIRKE. 1880. B.V.G.

Desse klokkene har generelt ein skarpare lyd samanlikna med bronseklokkene, og den særeigne lyden av kolven som slår mot goset



Stor klokke til venstre. Som dei andre klokkene våre i bruk har også desse fått nytt oppheng av metall, med kulelager. Det gjer bruken meir presis og lettar ringjearbeidet vesentleg.



i klokka er meir framtre-  
dande her enn for dei mju-  
kare bronseklokkene.

*I 1880 var det framleis riktig å  
skriva Arnefjord.*

## Vik

Vik kyrkje stod ferdig i 1877 og avløyste då dei to kyrkjene Hove og Hopperstad. Planen var at nyekyrkja skulle overta dei

største klokkene frå kvar av dei to andre, men sidan desse ikkje gav samklang vart heller begge klokkene frå Hopperstad flytta over. Hoveklokkene har si eiga

soge etter dette, sjå førre utgåve av kyrkjebladet.

Den største, som er størst i kommunen og sams-  
tundes den eldste i bruk, har teksten «IN GODTES NAMEN BIN ICH GE-  
FLOSSEN MICHEL LINNI ZU BERGEN HAT MICH GOSSEN ANNO 1633». På norsk: «I Guds namn er eg gjort flytande, Michel Linni i Bergen har støypt meg i 1633». Etter slagmerka frå kolven å døma er klokka dreia 90 grader då klokkene fekk nytt oppheng. Denne har også fått ny kolv. I toppen er det påmontert to motvektar som gjer det helst lett å svinge denne store klokka.



*Minste klokka ringjer ved at kolven slår mot godset.*



*Storeklokka har fått ny kolv. Med motvektar i toppen er det lett å setja klokka i rørsle, og ikkje minst: stogga henne!*



*Fin utsikt frå tårnet i Vik kyrkje!*

Minste klokka er frå 1827 med teksten «STÖBT. I. BERGEN. AF. H. N. QVARME. OG. NILS. D. BERG. 1827» Denne har også nytt oppheng men står i ro under bruk då det er kolven som blir set i bevegelse og slår mot klokka.

Tårnet i Vik kyrkje er elles bra tilrettelagt for dei som vil opp og sjå på klokkene, og på utsikta over Vikjabygdi. Det er berre 60 trappetrinn opp!

**Tekst og foto:  
Nils Kvamme**

# For gutar og jenter



*Karen fortel om sauene som sprang bort - og gjeteren som fant dei att.*

Hei!

Vik Kvardagsskule er søndagsskule på ein kvardag, og er for gutar og jenter frå ca. 3 år og oppover. Vi er tilslutta Søndagsskolen Norge og er ein del av Vik kyrkjelyd sitt barne- og ungdomsarbeid.

Vi samlast på Kyrkjestova om mandagane, der vi mellom anna syng i lag, har ein liten andakt tilrettelagt for dei minste og ein teikneaktivitet. Dei største barna i skulealder har eit eige opplegg i deler av tida. Foreldre, besteforeldre eller eldre søsken er med som

følge, og det er kjekt at ein kan samle barn og vaksne om felles aktivitetar. Vik kvardagsskule er velkommen for alle som har lyst til å bli betre kjent med vår beste venn Jesus! Alle, alle vil vi ha med!

**Karen Sofie Tangstad**

6



*Maria løysar oppgåver...*



*Knut fargelegg...*



## KONFIRMASJONAR

# Konfirmasjonar våren 2024

### **VIK 4. MAI kl. 11.00**

Leander Heggenes  
Martin Evensen Hove  
Per Olav Hagheim Hove  
Aksel Opheimshaug Moheim  
Robin Nedberge Sagerøy  
Celine Fosse Skagen  
Joakim Tenold  
Elvira Vikøren

### **ARNAFJORD 4. MAI kl. 14.00**

Isak Hagen Otterskred

### **FRESVIK 11. MAI kl. 11.00**

Maria Elisa Høgheim

### **FEIOS 11. MAI kl. 14.00**

Eva Hov Grindedal  
Keylinn Sofie Grindheim  
Emma Elisabeth Tveit  
Veronica Olejnik Tveit  
Sissel Ulvestad

### **VIK 19. MAI kl. 11.00**

Tuva Bettum  
Tobias Tryti Dregelid  
Ivar Pedersen Grønningsæter  
Iver Hegerland  
Vemund Hove  
Eirik Høyum-Kaasen  
Ellen Kristine Melheim  
Lukas Nilsen Systad  
Eivor Time  
Jens Mårdalen Tistel  
Silje Tveite

### **VANGSNES 19. MAI kl. 14.00**

Martine Fretheim  
Helene Holen  
Ida Hanekam Kvalvik



# Helsing frå Vik Sokneråd

Me er allereie komne langt inn på nyåret og våren er godt på veg hjå oss. Likevel ynskjer Vik Sokneråd å skru tida litt attende og visa fram nokre hendingar frå jula 2023.

Juletreet i kyrkja er kvart år til stor glede for dei som vitjar kyrkja i julehøgtida. Høgt, flott og med nærare 1000 julelys. Me får mange kommentarar på kor flott det er kvart år. Då er det på sin plass å retta fokus mot dei som gjer at julestemninga vert stor i kyrkja.

I fleire år har me fått levert tre frå skogen på Tistel. Per og Marita Langeland Tistel tek både hogge- og

transportjobben. Me er takksame for det flotte bidraget dei gjev til kyrkjelysten!

Ein like trufast gjeng stiller opp for pynting av treet ein ettermiddag før jul. Gjengen består av «avgåtte» soknerådsmedlemer med ektefeller, og dette er ein flott tradisjon som me held på vidare. Det er kjekt med alle frivillige som ynskjer å bidra på ein eller annan måte i soknet vårt. Me treng alle hender!

I nærare 40 år har Vik Sokneråd arrangert juletreffest i kyrkjestova 3 juledag kl 16, - med naturleg opphald i to år under corona-pandemien.



*Her er gjengen som syter for at kyrkja er pynta til jul kvart år.*

Denne festen samlar både små og store til koseleg julesamver i eit par timar på ettermiddagen. Me har faste innslag som andakt, matøkt med bollar og brus, englelotteri og så går me masse rundt juletreet og syng høgt og flott. Englelotteriet er alltid populært og flotte englar fekk nye heimar.

No i jula var me så heldige å ha Kirsti med oss til å halda andakt. Ho fortalde historia kring dei tre vise menn og reisa dei tok for å gi det finaste dei hadde til Jesusbarnet. Ho minna også alle på at me kan vera gode englar for kvarandre i kvardagen – og at me også kan gi «gåver» ved å gjera noko godt for andre.



*Ungane fylt godt med og er engasjerte når Kirsti held andakt.*

# Helsing frå Fresvik sokneråd

Me ser fram til fire innhaldsrike år med mange ulike oppgåver for kyrkjelysten. Me er fire faste medlemmer og alle nye i soknerådet. Saman med varamedlemmene takkar me for tilliten frå bygda og er klare for å gjera ein innsats. Det er mange oppgåver å ta tak i.

Ei av oppgåvene soknerådet ynskjer å arbeida vidare med er **Minnelund på Fresvik gravplass**. Det er ikkje lengre slik at slektene blir på same staden generasjon etter generasjon. I Fresvik blir det og etter kvart mange som ikkje har etterkomarar eller nær slekt når dei går bort. Dei næraste kan bu på heilt andre kantar av landet, og det blir ei vanskeleg oppgåve å stella gravene sjølv om ein ynskjer å gjera det. Det er etter kvart svært mange kyrkjer som har ein slik minnelund, der ein ikkje har gravstein med namn på, men eit felles gravminne. Ved dette minnet kan ein lage ein benk og ein plass det er godt å vera for å minnast sine.

Fresvik sokneråd har saman med Fresvik Sogelag arbeidd med planar om ein slik minnelund og fekk i 2021 Anne Irgens hos Norconsult til å utarbeide skisser for prosjektet.

I desember 2022 vart saka handsama i Vik kyrkjeleg fellesråd, og dei vedtok å støtta vidare arbeid med planane. Det vart gjort vedtak om at Fresvik sokneråd



i lag med Fresvik Sogelag undersøker nærare kva som må til av søknader og løyver, samt freista finne ut kor mykje dette vil koste og korleis det kan finansierast. Dette med atterhald om at bygdefolket i Fresvik meiner at dette er noko ein skal arbeide vidare med. Saka blir deretter lagt fram att for handsaming i Fellesrådet og eventuelt sendt overordna myndigheiter for godkjenning.

Soknerådet og sogelaget vil ta tak i denne saka igjen. Etter kvart trur vi at dette blir aktuelt for dei andre bygdene i Vik, og at det vil vera nyttig for Vik kommune å hausta erfaring i dette prosjektet.

Med helsing Fresvik  
Sokneråd v/ Kirsten  
Bøtun, leiar

## **SOKNERÅD**

# Nyvalde sokneråd for perioden 2024-2027

**- Me ynskjer dei nye sokneråda velkomen og lukka til med viktig arbeid!**

### **Arnafjord**

Endre Nese, leiar, repr. til fellesråd  
tlf. 415 10 401

Kari Johanna Bruland Dale

Pia Cathrine Hagen

Olav Dale

Marit Iren Lunde, 1. vara

### **Feios**

Arnstein Linde, leiar,

tlf. 909 30 320

Solrun Skogheim, nestleiar,

repr. til fellesrådet

Julie Kristin Ness

Ann Iren Borlaug

Gunnar Grindedal

Frida Berdal

Svein Harbakk, 1. vara

### **Fresvik Sokneråd**

Kirsten Johanne Bøtun, leiar,

tlf. 951 49 366

Nann Ingunn Simlenes, nestleiar,

repr. til fellesråd

Gyda Bøtun

Marte Lien Bardølsgård

Marianne Bøthun, 1. vara

### **Vangsnes**

Brita Sissel Turvoll, leiar,

repr. til fellesråd, tlf. 909 28 179

Marit Hanekam, nestleiar

Haldis Kløve Dregelid

Marianne Lunde, 1. vara

### **Vik**

Reidunn Bolstad, leiar,

tlf. 905 33 581

Grete Grønningsæter, nestleiar

Turid Kristine Brekke, repr.

til fellesrådet

Oddvar Tryti

Gunvor Refsdal

Marta Liljedahl

Ine Marie Aase

Silje Grønningsæter

Kristin Jordalen, 1. vara



# Ny prost!



**Ny prost i Sogn, Kjell Olav Høstaker Nordheim, er blitt spurt om å skrive nokre ord om seg sjølv til kyrkjebladet. Dette er responsen frå han.**

- Det er ikkje berre på TV at vi under Maskorama er opptekne av at folk må vise ansikt. Vi vil jo vite kven vi har med å gjere, det gjer oss ofte tryggare. Dette med ærlegheit og sanne møte var også noko sokneprest Karen formidla viktige tankar om då vi var saman i Vik kyrkje for å feire gudsteneste på fastelavns-søndag. Særleg fint var det å ha med konfirmentar som med-liturgar, dei gjorde ein god innsats. For meg var det også kjekt å få helse på kyrkjelyd og stab under den hyggelege kyrkjekaffien soknerådet hadde ordna til.

- Viss eg elles skal «vise ansikt» og seie kven eg er? Eg starta med utdanning som sosionom, men har aldri arbeidd som det. Mi første kyrkjelege teneste var diakon i Sogndal. Eg var også nokre år innan norge.no / Direktoratet for IKT og forvaltning og i privat næring, før eg i 2009 tok til i engasjement som barne- og ungdomsprest i Sogn prosti, og tok samtidig til på teologistudiet. Dette førte etter kvart fram til stilling som sokneprest i Stedje, Kaupanger og Fjærland, og vigsling til presteteneste 20. juni 2015. Eg har også vore sokneprest i Askvoll 4 år, før no tenesta som prost tok til august 2023. Elles har musikken – og særleg korsong – alltid følgt meg som ein kjær hobby.

- I prostetenesta får eg oppleve rikdomen i å få kome rundt til dei ulike sokna, kyrkjelydane og stabane. Eg brenn for gudstenesta som staden der trådane samlast. Eg trur den er med og gir retning, innhald og kraft til alle dei andre måtane kyrkja ytrar seg på, anten det er i det kulturelle, engasjement lokalt eller internasjonalt, trusopplæring eller diakoni. Ei viktig oppgåve som arbeidsgevar for prestane er å sjå til at dei har gode føresetnader for tenesta dei står i. Men ingen prestar står åleine, dei høyrer tett saman med andre kyrkjeleg tilsette, råd, utval og alle i frivillig teneste. Derfor ynskjer eg å ha eit fokus på det breie samarbeidet som eg trur godt kyrkjeleg arbeid og kyrkjeleg engasjement høyrer tett saman med.

# Nytt frå kyrkjekontoret

Den relativt strenge vinteren med langvarig tele har ført til at fleire gravminne no har lagt seg på bakken, eller er på god veg til å gjera det. Dette skjer fordi telen løfter opp fundamentet og når jorda tinar att så kvelvar heile gravminnet. Alle gravminne vil over tid koma ut av stilling grunna endringar i jordtilhøva, og må difor takast att. Har du eit gravminne ute av stilling eller som alt har lagt seg, så er det eigaren sitt ansvar å få dette tilbake i forskriftsmessig stand. Om ynskjeleg kan kyrkjekontoret ta på seg dette arbeidet. Kontakt oss gjerne på 479 77 806.

## Feste av grav

Alle graver «i bruk» har ein festeavtale knytt opp til ein festar, altså ein person som står ansvarleg for gravminnet, og disponerer grava innanfor ein periode på 30 eller opp til 60 år. Festeavtalane er i Vik kommune fri for betaling i 30 år etter ei grav er teken i bruk. Mot betaling kan avtalen forlengast i inntil nye 30 år. For kyrkjekontoret er det ein stor jobb å halda greie på alle desse avtalane og vi held framleis på med å få alle opplysningar inn på eit digitalt styringsprogram.

I 2022 sende vi ut brev til mange festarar med spørsmål om vidareføring av tidlegare inngått festeavtale. No i vår vil vi også sende ut slikt tilbud til dei graver som står utan avtale etter 2022. I tillegg går vi vidare og vil koma i kontakt med dei festarane vi av ulike årsaker ikkje har namn på; mange graver er ikkje registrert med festar i vårt system. I fyrste omgang tek vi føre oss gravfelte som ligg direkte kring kyrkja i Vik, og spør då om forlenging av festeavtalar som vart inngått i perioden 1998-2022. Her set vi no ein kvit merkelapp på gravminnet der vi ynskjer at ansvarleg for grava tek kontakt med kyrkjekontoret. Ta merkelappen med og oppgi nummeret når du tek kontakt. Festeavtalar som er ubetalt fram til 1998 reknar vi som avslutta og markerer grava som ledig for gjenbruk på kartet vårt.

På sikt vil vi få god oversikt over festeavtalane for alle gravene i kommunen. Det vil for framtida ikkje vera godt nok med ein munnleg avtale om reservasjon av ei grav,



ein slik avtale må framover formaliserast i form av betalt festeavtale.

Difor er det viktig at alle med tilknytning til ei eller fleire graver oppdaterer seg på korleis det ligg an med eventuelle festeavtalar.

Som eit resultat av dette arbeidet får vi betre oversikt over alle graver som ikkje er festa og kan slik utnytta gravplassen betre.

Ein festeavtale vert gjort for 5 år om gongen og kostar kr 1500. Midlar frå festeavgift er med å halda ved like gravplassen.



## Våren er her!

Om ikkje lenge er det tid for plenklypping, tru det eller ei! Vi har store areal å halda ved like og nær 4.000 graver å ta omsyn til. Difor treng vi di hjelp for at dette skal bli best mogleg. *Forskrift om vedtekter* for gravplassane i Vik seier klart korleis det kan stellast kring eit gravminne, nettopp fordi arbeidet vårt med stell av gravplassen skal lata seg gjera på ein sikker og rasjonell måte. Her kan vi nemna at plant-er ikkje må tøya seg utanfor plantefeltet eller veksa over gravminnet. Det er høve til

å ramme inn plantefeltet, men då må innramminga vera i flukt med bakken ellers. Altså ingen stein eller kantar som stikk opp. I hellande terreng, som til dømes på Arnafjord gravplass er innramming med kantstein eller bedplate lite eigna.

Lause dekorgjenstandar må tola lokale klimatiske tilhøve og fjernast etter bruk, og alle pyntegjenstandar må haldast innanfor plantefeltet. Både englar og blomevaser som havnar utanfor eller bak gravminnet blir flygande objekt når kniven på plen- klypparen kjem borti! Så difor: hald det ryddig kring gravminnet og sjekk at bedkantane eller steinkransen kring plantefeltet ikkje stikk opp over bakken.

I hektiske periodar kan det opplevast at graset veks noko høgare enn ynskjeleg, men ver tolmodig; klypparen kjem! Og til slutt gjenntek vi at grasklypping heilt innåt gravminne og evt plantefelt er ei privat



oppgåve, men at vi gjer det ein gong midt på sommaren.

#### **Kyrkjetak i Vik, Vangsnes og Feios**

Vik kyrkjeleg fellesråd er no i gang med å prosjektere framtidig vedlikehald av kyrkjetaka våre. Etter at tre firma vart invitert inn i konkurranse, fekk Beck arkitekter as avtale om rådgjeving og prosjektering.

### **Den Norske kyrkje - Vik Kyrkjelege fellesråd:**

## **Ledig stilling som Kyrkjelydsarbeidar**



Vi søker nye medarbeidarar til våre 5 sokn i Vik kommune.  
Vi har aktivitet ved alle dei 5 kyrkjene våre.

**Kyrkjelydsarbeidar:** Fast 100 % stilling frå 14. august 2024

For full utlysningstekst sjå heimesida til kyrkja [www.vik.kyrkje.no](http://www.vik.kyrkje.no)

For meir informasjon; ta kontakt med kyrkjevevje Marit J Andersen på  
tlf 90 68 62 27 eller [marit.johanne.andersen@vik.kommune.no](mailto:marit.johanne.andersen@vik.kommune.no)

**Søknadsfrist 15. april 2024.**

# Kyndelsmessebasar og misjon

Den tradisjonelle Kyndelsmessebasaren vart i år halden laurdag 3.febr. på Kyrkjestova. Det er Kyrkjestova Misjonslag og Flatbygdi kvinneforening som arrangerer dette kvart år.

Vi selde lodd på bok eit par dagar på Extra. Basarda-

gen kom, og vi var spent på kor mykje folk det kom, trass i vind, vær og glatte vegar. Om nokre stolar var ledige, var det skikkeleg god basarstemning – med åresal, loddskriving og matservering.

I år var det sokneprest Karen Helene Bøhn Mel-

hus som heldt andakta. Ho fortalde kva ordet kyndel betyr og korleis tradisjonen med Kyndelsmesse (lysmesse) vaks fram. Kyndelsmessedag er 2. febr. og teksta vi fekk høyre denne dagen var om gamle Samuel som fekk møte Livsens lys – Jesus, då han vart boren til tempelet 8 dagar gamal.

Samuel sa: «No let du tenaren din fara herifrå i fred, for augo mine har sett di frelse».

Når vi arrangerer Kyndelsmessebasar er vi med og spreier budskapet om Jesus som verdas lys.

Inntekta frå basaren blir sendt til Det Norske Misjonsselskap som har eit viktig arbeid i mange land. Det landet vi kjenner best til gjennom misjonærar, er vel kanskje Madagaskar. Vik sokn har dessutan misjonsavtale som støttar landsbyutvikling på Madagaskar. Elles las vi mellom anna i siste nr. av Misjonstidende om eit viktig arbeid NMS driv for å bekjempe tvangsekteskap og kjønnslemlesting av jenter i Mali.

**Hjarteleg takk til alle bedrifter og privatpersonar som støttar basaren, med gevinstar, mat, loddkjøp og praktisk arbeid for arrangementet!**

**I år fekk vi inn kr. 43 345.- i brutto inntekt.**

T&F: kjh

## **Flatbygdi kvinneforening** har møte

1. onsdag i månaden. I vår er det møte onsdag 3. april og 8. mai kl. 12-13.30 på Kyrkjestova.

## **Kyrkjestova misjonslag** (for både menn og kvinner) har møte fylgjande datoar:

Torsdag 21. mars, 18. april, 23. mai kl. 13.00 på Kyrkjestova.

Torsdag 13. juni kl. 13.00 blir det eit fellesmøte for foreningane.

## **Begge foreningane ynskjer nye deltakarar hjarteleg velkomne!**



Flatbygdi kvinneforening møtes onsdager på Kyrkjestova

# Kristenretten og landsloven feires i 2024

«I 2024 feirar og markerer vi 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. Dette er hendingar som i høg grad har gjort landet vårt til det det er i dag, og det er derfor stor grunn til å feire! Vi kallar året i år for Verdiåret 2024, året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.»



Thor Haavik les frå kristenretten (foto frå TV-serien)

Slik indleder Bjørgvin Bispedømmes hjemmeside omtalen af alle de aktiviteter som foregår nå i jubileumsåret 2024. Der er links til blandt andet en TV-serie om kristenretten, og du kan læse om Jubileumsstafetten fra 2021-2031. Alt sammen findes, når du går ind på <https://www.kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome>

## Guds fire døtre

Omgrepet “Guds fire døtre” eller “Dei guddomlege søstene” er sentralt i Magnus Lagabøtes landslov. Det handlar om fire dygder som ved kvar domsavseiing der lova var uklar skulle bli høyrte for at ein dom kan seiast å vere opplyst så den er rettferdig: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Biletet av dei fire søstrene

er henta frå Salme 85 i Bibelen.

«**Miskunn** skal passe på så ikkje vondskap eller hat kjem i domen; **sanninga** må verte høyrte så ikkje løgn skal få avgjere om nokon blir dømt, **rettferda** skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen, og **fred** skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide.»



Guds fire døtre - malt av Anne Hesvik\_foto Bo Mathys



# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:  
– Ser du bra med dei nye brillene, Per?  
– Ja, pappa!

## Vitsar

To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:  
– Kom, så stikk vi!

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil



Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?



## Kryssord

1.       Bygning i Apostelgjerningane 15,16
2.       Konge i Matteus 2,3
3.       Dyr i Matteus 21,2
4.       By i Apostelgjerningane 18,1
5.       Konge i Romarane 4,6
6.       By i Lukas 7,11
7.       Stilna i Matteus 14,32
8.       Kvinne i Johannes 20,11

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Teikning: Faye Simms



Søndagsskolen – mer enn du tror

## Døyppte:

### Vik

|          |                        |          |                       |
|----------|------------------------|----------|-----------------------|
| 26.11.23 | Olai Olstad Andersen   | 14.01.24 | Erle Bolstad          |
| 14.01.24 | Nina Breidvik Kollsete | 17.03.24 | Elli Noelle Brekke Ek |

## Gravferd – urnenedsetjing:

### Arnafjord

|          |             |         |
|----------|-------------|---------|
| 07.12.23 | Brita Engum | f. 1933 |
|----------|-------------|---------|

### Feios

|          |             |         |
|----------|-------------|---------|
| 21.12.23 | Kari Linde  | f. 1929 |
| 22.03.24 | Hanna Tveit | f. 1938 |

### Fresvik

|          |                 |         |
|----------|-----------------|---------|
| 19.12.23 | Alf Bøthun      | f. 1933 |
| 07.03.24 | Kjell Ottar Hov | f. 1953 |

### Vangsnes

|          |                 |         |
|----------|-----------------|---------|
| 12.01.24 | Alvhild Orvedal | f. 1953 |
|----------|-----------------|---------|

### Vik

|          |                  |         |
|----------|------------------|---------|
| 24.11.23 | Sverre Fjærestad | f. 1930 |
| 01.12.23 | Richard Kvamme   | f. 1928 |
| 05.01.24 | Olav J Nummedal  | f. 1927 |
| 19.01.24 | Berit Risløw     | f. 1949 |
| 16.02.24 | Gjert Johan Aase | f. 1962 |
| 01.03.24 | Anna Sofie Fedje | f. 1937 |
| 20.03.24 | Olav Atle Sande  | f. 1949 |

## MUSIKKMESSER I HOVE STEINKYRKJE

I sommeren 2024 arrangeres  
musikkmesser i Hove kyrkje på  
flg. onsdager kl. 19.00:  
3. juli, 10. juli, 17. juli, 24. juli og 31. juli



Frå Hove steinkyrkje

# NAMN OG NUMMER

**VIK KYRKJEKONTOR:** 479 77 806

**E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

## KYRKJELEG TILSETTE:

### Kyrkjeverje

Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

## TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 906 86 227

## KONTORTID

mandag,

tysdag og

annakvar onsdag

kl. 10.00–15.00

## Sokneprest

Karen Helene Bøhn Melhus

tlf. 468 89 980

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

## Prostiprest

Rasmus Bolstad Rustad

tlf. 977 38 134

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

## Organist

Krista Revsbech

tlf. 0045 25 30 48 78

epost: kristarevsbech@gmail.com

## Leiande kyrkjetenar

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

## Kyrkjetenar i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

## Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

## Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

tlf. 918 70 581

## SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Arnstein Linde

tlf. 909 30 320

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnes:

Brita Sissel Turvoll

tlf. 909 28 179

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

## VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Turid Kristine Brekke

tlf. 922 28 593

## Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

## Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

# VELKOMMEN TIL KYRKJE

|                                      |                                               |
|--------------------------------------|-----------------------------------------------|
| <b>21. apr</b>                       | <b>(4. søndag i påsketida. Joh 13, 30-35)</b> |
| kl. 11.00 Arnafjord kyrkje           | Gudsteneste v/ Karen Melhus                   |
| <b>28. apr</b>                       | <b>(5. sø. i påsketida. Luk 13,18-21)</b>     |
| kl. 11.00 Vangsnes kyrkje            | Gudsteneste v/ Karen Melhus                   |
| <b>4. mai (laurdag)</b>              | <b>(6. søndag i påsketida. Matt 7,7-12)</b>   |
| kl. 11.00 Vik kyrkje                 | Konfirmasjon v/ Karen Melhus                  |
| kl. 14.00 Arnafjord kyrkje           | Konfirmasjon v/ Karen Melhus                  |
| <b>11. mai (laurdag)</b>             | <b>(Søndag før pinse. Joh 3,16-21)</b>        |
| kl. 11.00 Fresvik kyrkje             | Konfirmasjon v/ Karen Melhus                  |
| kl. 14.00 Feios kyrkje               | Konfirmasjon v/ Karen Melhus                  |
| <b>17. mai (fredag)</b>              | <b>(Grunnlovsdag. Matt 22,17-22)</b>          |
| kl. 13.00 v. Vik Bygde- og Sjukeheim | Utegudsteneste                                |
| <b>19. mai, Pinsedag</b>             | <b>(Joh 14,15-21)</b>                         |
| kl. 11.00 Vik kyrkje                 | Konfirmasjon v/ Karen Melhus                  |
| kl. 14.00 Vangsnes kyrkje            | Konfirmasjon v/ Karen Melhus                  |
| <b>02. jun</b>                       | <b>(2. s. i treeining. Joh 3,26-30)</b>       |
| kl. 11.00 Vik                        | Festivalgudsteneste v/ Karen Melhus           |
| <b>09. jun</b>                       | <b>(3. s. i treeining. Joh 1,35-51)</b>       |
| kl. 11.00 Fresvik                    | Gudsteneste v/ Karen Melhus                   |
| kl. 16.00 Vangsnes                   | Gudsteneste v/ Karen Melhus                   |
| <b>23. juni, Jonsok</b>              | <b>(5.s.i treeining. Matt 11,7-14)</b>        |
| kl. 11.00 Feios                      | Gudsteneste v/ Rasmus Rustad                  |
| kl. 18.00 Hopperstad stavkyrkje      | Gudsteneste v/ Karen Melhus                   |
| <b>26. juni (onsdag)</b>             |                                               |
| kl. 19.00 Hove steinkyrkje           | Musikkmesse                                   |
| <b>30. juni</b>                      | <b>(Aposteldagen. Matt 16,13-20)</b>          |
| kl. 16.00 Arnafjord - utandørs?      | Gudsteneste v/ Karen Melhus                   |
| <b>3. juli (onsdag)</b>              |                                               |
| kl. 19.00 Hove steinkyrkje           | Musikkmesse                                   |
| <b>10. juli (onsdag)</b>             |                                               |
| kl. 19.00 Hove steinkyrkje           | Musikkmesse                                   |
| <b>17. juli (onsdag)</b>             |                                               |
| kl. 19.00 Hove steinkyrkje           | Musikkmesse                                   |

## INFORMASJON

|            |                                                        |
|------------|--------------------------------------------------------|
| UTGJEVAR   | Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik |
| TRYKK      | Printfarm AS                                           |
| BLADSTYRAR | Krista Revsbech                                        |
| KASSERAR   | Sylvi Nummedal                                         |
| BLADPENGAR | Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-                  |
| BANKGIRONR | 38003011558                                            |

## VELKOMEN TIL KYRKJE

### 24. juli (onsdag)

|                            |             |
|----------------------------|-------------|
| kl. 19.00 Hove steinkyrkje | Musikkmesse |
|----------------------------|-------------|

### 29. juli (mandag), Olsok (Luk 9,23-26)

|                            |             |
|----------------------------|-------------|
| kl. 18.00 Hove steinkyrkje | Gudsteneste |
|----------------------------|-------------|

### 31. juli (onsdag)

|                            |             |
|----------------------------|-------------|
| kl. 19.00 Hove steinkyrkje | Musikkmesse |
|----------------------------|-------------|

### 11. aug (12. s. i treeining. Luk 8,1-3)

|                            |                              |
|----------------------------|------------------------------|
| kl. 11.00 Vangsnes kyrkje  | Gudsteneste v/ Karen Melhus  |
| kl. 16.00 Arnafjord kyrkje | Gudsteneste v/ Rasmus Rustad |

### 18. aug (13. s. i treeining. Luk 12,41-48)

|                        |                             |
|------------------------|-----------------------------|
| kl. 11.00 Vik kyrkje   | Gudsteneste v/ Karen Melhus |
| kl. 16.00 Feios kyrkje | Gudsteneste v/ Karen Melhus |

### 25. aug (14. s. i treeining. Luk 17,7-10)

|                         |                            |
|-------------------------|----------------------------|
| kl. 12.00 Fresvik, Svea | Gudsteneste v Karen Melhus |
|-------------------------|----------------------------|

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.  
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: [www.vik.kyrkja.no](http://www.vik.kyrkja.no)

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

### KYRKJESKYSS

|                   |                                  |                 |
|-------------------|----------------------------------|-----------------|
| <b>Arnafjord:</b> | Ring leiar Endre Nese            | tlf. 415 10 401 |
| <b>Feios:</b>     | Ring leiar Arnstein Linde        | tlf. 909 30 320 |
| <b>Fresvik:</b>   | Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun | tlf. 951 49 366 |
| <b>Vangsnes:</b>  | Ring leiar Brita Sissel Turvoll  | tlf. 909 28 179 |
| <b>Vik:</b>       | Ring leiar Reidunn Bolstad       | tlf. 905 33 581 |